

# Høgskulen på Vestlandet

## Sykepleie, forskning og fagutvikling (Bacheloroppgave)

SYKSB3001

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	23-04-2018 12:00	<b>Termin:</b>	2019 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	25-04-2019 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Sykepleie, forskning og fagutvikling (Bacheloroppgave)	<b>Stempelverdi:</b>	12
<b>SIS-kode:</b>	203 SYKSB3001 1 PRO 2019 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

Kandidatnr.: 323

### Informasjon fra deltaker

Tittel \*: Omsorg til einsame eldre: psykososiale behov i heimesjukepleia

Antall ord \*: 8843

Tro- og loverklæring \*: Ja

Jeg bekrefter at jeg har  Ja  
registrert oppgauettitelen  
på norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

# Bachelor i sjukepleie, Stord kull 2016

Fakultetet for helse- og omsorgsvitskap



## Omsorg til einsame eldre

- Psykososiale behov i heimesjukepleia

Dato: 25.04.2019

Antall sider: 62

Kandidat nr.: 323

Antall ord: 8843

## **Samandrag**

Temaet i litteraturstudia «Omsorg til einsame eldre: psykososiale behov i heimesjukepleia» er valt på bakgrunn av erfaringar gjort i heimesjukepleiepraksis der det til tider kunne opplevast som at pasientar og brukarar som vanlegvis budde åleine var meir kontaktsøkjande. Problemstillinga «*korleis kan sjukepleiarene i møte med heimebuande einsame eldre bidra til å ivareta psykososiale behov gjennom ei omsorgsfull tilnærming*» er valt med den hensikt at sjukepleiarar og anna helsepersonell skal forstå viktigheita av å ivareta psykososiale behov på lik linje med fysiske behov. Databasane som er nytta i litteraturstudia er Academic Search Elite, Cinahl og SveMed+. Utvalde søkeord var **eldre, einsemd, sosial isolasjon, psykososiale behov, omsorg, og heimesjukepleie**. 5 artiklar vart inkludert og nytta i drøftinga. Resultata var at den fysiske helsa ofte hang saman med den subjektive kjensla av einsemd. Sjukepleiarane hadde ulik evne til å vise omsorg, og den sosiokulturelle atmosfæra var av stor betyding. Kvaliteten på det sosiale nettverket var viktigare enn kvaliteten på pleia når det kom til opplevinga av einsemd. Anerkjenning og sosial tilknyting var viktig for å oppleve god sosial kontakt. Konklusjonen er at psykososiale behov i første rekke blir ivaretakne gjennom sosial kontakt. Sjukepleieren bør difor hjelpe pasienten å ivareta forhold til pårørande og venner, eller informere om andre sosiale tilbod. Sjukepleieren sjølv kan yte omsorg gjennom å danne relasjonar til pasienten for så å setje seg inn i kva som er viktig for den enkelte og handle i henhold til dette.

**KEYWORDS:** **eldre, einsemd, sosial isolasjon, psykososiale behov, omsorg, og heimesjukepleie.**

## **Summary**

The subject in this literature review «Care for lonely elders: psychosocial needs in home nursing care», is chosen based on experiences from home nursing practice, where patients living in solitude would occasionally seek more contact. The thesis question “how can the nurse, faced with elderly in solitary, contribute to preserve psychosocial needs through care. Is chosen with the motive to help nurses and other health-servicemen understand the importance of preserving psychosocial needs equal to physical needs. The database used in this review is The Academic Search Elite, Cinahl, and SveMed+. My chosen search words include, **Elderly, Loneliness, Social Isolation, Psychological needs, Care, and Home Care.** 5 articles were included and used in the discussion. The conclusion shows that the patient's physical health corresponded with their subjective feeling of loneliness. The nurses show different ability to show care, and the sociocultural atmosphere was of big relevance. The quality of the social network was more important than the quality of care when considering the experience of loneliness. Acceptance, and social attachment was important to experience satisfactory social contact. The conclusion shows that psychological needs is foremost preserved through social contact. The nurse should therefore help the patient maintain relationships with relatives and friends or inform of other social offers. The nurse can emit care by creating relations with the patient, to get a picture of what is important to the individual, and act accordingly.

**KEYWORDS:** **Elderly, Loneliness, Social Isolation, Psychological needs, Care, and Home Care**

## *Ulm å bera*

*Skapte er vi te bera,  
og lette børene før kvarandre.*

*Til fånyttes lever ingen.*

*Men våre eigne bører*

*skål vi bere åleine*

*Stor og verdfull er sorgi*

*Som ikkje kann delast av andre.*

*Men fatigsleg, liti og arm er den glede*

*Som du vil ha åleine.*

*Hjelpeslaus er den*

*som ikkje har nokon til å hjelpe,  
og vera god mot.*

*Lik tre utan sevjestraum*

*turkast han inn-.*

*Den mannen ber tyngste bori,*

*som ingenting har å bera.*

(Bruheim, 1947, s. 11-12 )

## INNHALDSLISTE

1	INNLEIING .....	1
1.1	Val av tema, hensikt & mål .....	1
1.2	Sjukepleiefagleg relevans .....	2
1.3	Presentasjon av problemstilling og avgrensing .....	2
1.4	Omgrepsavklaring.....	3
1.5	Sentrale føringar og aktuelt lovverk retta mot eldreomsorg .....	3
2	TEORI.....	5
2.1	Heimesjukepleie og sosial isolasjon .....	5
2.2	Kjensla av einsemd .....	5
2.3	Psykososiale behov .....	6
2.4	Kari Martinsen sin omsorgsteori .....	7
3	METODE.....	9
3.1	Litteraturstudie.....	9
3.2	Framgangsmåte.....	9
3.2.1	Enkelt søk i SveMed+ .....	10
3.2.2	Kombinert søk i SveMed+ .....	10
3.2.3	Kombinert søk i Academic Search Elite .....	11
3.2.4	Kombinert søk i Cinahl .....	11
3.3	Metodekritikk .....	12
3.3.1	Vurdering av eiga oppgåve .....	12
3.3.2	Kritisk vurdering av forskningsartiklar og litteratur .....	13
3.3.3	Etikk i oppgåveskriving .....	13
4	RESULTAT .....	14
4.1	Artikkkel 1 .....	14

4.2	Artikkkel 2 .....	15
4.3	Artikkkel 3 .....	16
4.4	Artikkkel 4 .....	17
4.5	Artikkkel 5 .....	18
5	DRØFTING .....	19
5.1	Kven er dei einsame eldre?.....	19
5.2	Dei eldre sine psykososiale behov .....	20
5.3	Omsorg i heimesjukepleia .....	22
5.4	Avslutning.....	24
	REFERANSELISTE .....	26
6	VEDLEGG .....	30
6.1	Vedlegg 1, Tabell 2, Samandrag av artiklar .....	30
6.2	Vedlegg 2, Sjekkliste artikkkel 1 .....	32
6.3	Vedlegg 3, Sjekkliste artikkkel 2 .....	38
6.4	Vedlegg 4, Sjekkliste artikkkel 3 .....	44
6.5	Vedlegg 5, Sjekkliste artikkkel 4 .....	48
6.6	Vedlegg 6, Sjekkliste artikkkel 5 .....	53

# **1 INNLEIING**

I 2013 var det 208 000 personar som mottok heimesjukepleie, 43 % av desse var 80 år og eldre (Helsedirektoratet, 2015, s. 131). Den norske Legeforening (2001) seier at mange eldre i dag ikkje får tilfredsstilande helsehjelp og omsorg, og legg til at behovet for helsetenester berre vil auka grunna aldersutviklinga. Dei hevdar også at mangel på helsepersonell og hyppig utskifting av personale fører til dårligare trivsel og kvalitet på tenestene som blir tilbydd. Halvorsen seier at einsemd ofte blir forbunde med alderdom, og at eldre oftare er sosialt isolerte, men legg til at dette ikkje er einstydande med at dei kjenner seg meir einsame (2005, s. 130-134). SSB fann likevel at 3 av 10 over 80 år gav at dei var einsame. Årsaker til høgare førekommst av einsemd blant eldre meiner dei kan hengje saman med sjukdom, at ein står utanfor arbeidslivet, eller at ein bur åleine. For den enkelte er einsemda eit viktig teikn på misstrivsel (2009, s. 74-78).

## **1.1 Val av tema, hensikt & mål**

Temaet for oppgåva er ivaretaking av psykososiale behov, med særleg fokus på einsemd. Bakgrunnen for valet er erfaringar gjort i praksis, særleg i heimesjukepleia, der eg opplevde at pasientar og brukarar som til vanleg budde åleine var meir kontaktsøkjande. Det kunne også kjennast som at nokon av pasientane gjorde seg meir hjelpetrengande, kanskje med det mål at heimesjukepleia skulle bli værande lenger. Som sjukepleiestudent blir ein gjennom undervisning og praksis gjort bevisst på viktigheita av å ivareta psykososiale behov. Likevel møtte eg ikkje nokon tiltak som hadde direkte tilknyting til dette. Motivasjonen min for å skrive om temaet er å setje fokus på å sjå heile mennesket og ikkje berre dei fysiske behova. Dei pasientane eg møtte i heimesjukepleia, vil eg påstå, var utelukka grunna fysiske eller praktiske hjelpebehov. Romøren (2003, i Romøren 2015) seier at blant dei som mottek kommunale pleie- og omsorgstenester i eigen heim er 79 % grunna somatisk sjukdom. Munkejord, Scönfelder & Eggebø (2018b) seier at ein i Noreg vektlegg helserelatert omsorg, noko som har gått på bekosting av dei sosiale omsorgsbehova. Målet med oppgåva er at pleiepersonell skal få auka fokus på psykososiale behov, slik at desse behova blir ivaretekne på lik linje med fysiske behov.

## **1.2 Sjukepleiefagleg relevans**

SSB hevdar at blant dei som opplev dårleg helse opplev også tre gonger så mange einsemd. Dei seier også at dårleg helse kan medføre større einsemdeskjensle, og at denne kjensla kan gi både dårleg fysiske og psykisk helse (2009, s. 75). Sletteland og Donovan (2016, s. 16-17) seier at det er vanskeleg å finne ein felles definisjon på kva helse er, fordi det ofte heng saman med kulturelle-, historiske- og sosiale rammer, men at alle er einige om at god helse er positivt. Dei seier at ein person si eigenvurderte helse er eit mål på korleis ein sjølv meiner ein har det. Kristoffersen (2006, i Sletteland & Donovan 2016) seier at helse kan forbindast med ordet velbefinnande, som er ei individuell psykisk oppleveling av korleis me har det.

## **1.3 Presentasjon av problemstilling og avgrensing**

*«Korleis kan sjukepleiaaren i møte med heimebuande einsame eldre bidra til å ivareta psykososiale behov gjennom ei omsorgsfull tilnærming.»*

Det kongelege Helse- og omsorgdetartementen (2018, s. 32 & 81) seier at andelen eldre nærmest er tredobla frå 1950 til 2017. Dei seier også at andelen einslege og bur åleine er aukande, noko som kan gjenspegle mindre grad av kontakt og fellesskap. Det kan tenkjast at det er ulike faktorar som speler inn på dei psykososiale behova i ulike aldersgrupper, difor meiner eg fokus på den eldre befolkinga vil gi størst fagleg utbytte. Studiar peiker mot at sosial isolasjon og einsemd er knytt til større risiko for alvorleg sjukdom og tidleg død (Steptoe, Deaton & Stone, 2015, I Det kongelige Helse- og omsorgsdepartement, 2018, s. 33). Andre studiar viser også at sosial isolasjon og einsemd heng saman med helse. Dette vil vere eit viktig fokusområde i drøftingsdelen. Einsemd er eit av dei mest omtalte psykososiale behova, og kjem difor til å vere sentralt i oppgåva. Eg kjem til å nytte omgrepene einsemd og sosial isolasjon. Skilnaden mellom dei vil komme fram i omgrevsavklaringa.

Sjukepleieteoretikaren Kari Martinsen er i Skandinavia særleg kjend for sin omsorgsfilosofi (Omhelse.no). Martinsen meiner at omsorga er kjernen i sjukepleie, og at målet med omsorga er knytt til pasienten si subjektive kjensle av velvære, helse og livsmot, og at målet ikkje heng saman med at mennesket skal vere sjølvstendig (Kristoffersen, 2016, s. 53-54). Eg meiner hennar perspektiv på omsorg er viktig for å leie fokuset vekk frå dei fysiske behova, og rette det mot pasientane sine psykososiale behov.

## 1.4 Omgrepssavklaring

**Psykososiale behov** Ramvi beskriv det psyko-sosiale som ein kombinasjon av to fenomen. Det psykiske og indre, og det sosiale ytre (2014, s. 148).

**Einsemd** er i følgje Blix og Breivik (2006, s. 88) ei subjektiv vond kjensle av sakn etter sosial kontakt, enten med ønske om meir kontakt, eller betre kvalitet på den kontakten ein allereie har (Thorsen, 1988; 1991, I Blix & Breivik, 2006, s. 88).

**sosial isolasjon** ved sosial isolasjon har ein ifølgje Weiss (1973, 1989) ikkje tilgang til eit sosialt nettverk og difor ikkje nokon å knytte seg til (i Helgesen, 2016, s. 151). Blix og Breivik (2006, s. 88) seier at det å vere aleine ikkje nødvendigvis betyr at ein er einsam.

**Omsorg** Består i følgje omsorgfilosofen Kari Martinsen av tre dimensjonar. Den relasjonelle, den praktiske og den moralske. Ho seier at den moralske sida veg tyngst (Martinsen, 2005, s. 135).

## 1.5 Sentrale føringar og aktuelt lovverk retta mot eldreomsorg

I *Leve hele livet*, som er ei stortingsmelding frå Det kongelige Helse- og omsorgsdepartement (2018) har ein fokus på å skape eit meir aldersvennleg samfunn. Gjennom å ivareta dei eldre sitt forhold til familie og venner er målet at eldre skal bli ein del av fellesskapet, og at generasjonane skal bli foreina. Resultatet kan vere fleire gode leveår med god livskvalitet, god helse og mestring av eige liv. Utfordringa med einsemd blandt eldre er knytt til skrantande helse, nære dødsfall, inaktivitet, utilpassa tilbod, manglande ivaretaking av sosiale behov, lite systematisk samarbeid og manglande møtestadar. Reforma bygger på innspel frå ansette, eldre, pårørande, frivillige, forskrarar og leiarar og kva ein har sett fungere i praksis. For å nå målet skal ein bland anna tilby fysiske-, sosiale- og kulturelle aktivitetar, tilpassa den enkelte si interesse, ønske og behov (s. 7, 10, 13-14, 82).

Helse- og omsorgstenesteloven (2011, §1-1 ledd 1-3, & §1-2) har som formål å «forebyggje, behandle, og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne» i kommunane innanfor riket. Han skal fremje sosial tryggleik, førebyggje sosiale problem, samt sikre moglegheita til å leve og bu i eit meiningsfylt fellesskap. Tenestetilbodet (§3-3) skal vere av god kvalitet, ha eit likeverdig tilbod, og kommunen skal tilstrebe å førebyggje skade, sjukdom og sosiale problem gjennom opplysning, råd og vegleiing. Tenestene som

ytes (§4-1) skal vere forsvarlege, pasienten skal få eit verdig tenestetilbod, og fagkompetansen skal vere tilstrekkeleg. Den enkelte pasient og brukar har rett på eit heilhetleg og koordinert tenestetilbod (§4-1a). I Yrkesetiske retningslinjer (2011, kap. 2, ledd 1-3) står det at sjukepleiaren skal drive sjukepleiepraksis som fremjar helse og førebygg sjukdom, understøttar håp og meistring, og ivaretak den enkelte sitt behov for heilhetleg omsorg. Under punkt 6.2 står det at sjukepleiaren aktivt skal arbeide for å imøtekommbe behovet sårbare grupper har for helse- og omsorgstenester. I helsepersonellova (1999) §4 står det «Helsepersonell skal utføre sitt arbeid i samsvar med de krav til faglig forsvarlighet og omsorgsfull hjelp som kan forventes ut fra helsepersonellets kvalifikasjoner, arbeidets karakter og situasjonen forøvrig».

## **2 TEORI**

I denne delen blir det presentert teori om heimesjukepleie og sosial isolasjon for å skape forståing rundt temaet. Vidare vil først einsemd, som er eit av dei mest omtalte psykososiale behova bli beskrive. Deretter vil andre psykososiale behov bli beskrive nærmare, samt kva som påverkar desse og korleis dei påverkar helsa. Til sist blir Kari Martinsen sin omsorgsteori presentert, som er essensiell for å svare på problemstillinga.

### **2.1 Heimesjukepleie og sosial isolasjon**

Birkeland og Flovik seier at heimesjukepleie skjer i skjeringspunktet mellom kvardagslivet og offentleg tenesteyting. Fokuset er først og fremst retta mot praktisk hjelp og grunnleggjande sjukepleie til pasientar med lange sjukdomsforløp, medan vidare fokus er trivsel, velvære, funksjonsnivå, helsetilstand (2016, s. 13-15). Vedtak om heimesjukepleie blir gjort gjennom individuell vurdering av behov, og oppgåver blir så konkretisert på heimesjukepleia sine arbeidslister (Fermann & Næss, 2015, s. 239). Heimesjukepleia eller heimehjelp kan for nokon pasientar vere deira einaste sosiale kontaktar. Særleg for pasientar som er kronisk sjuke. Også pårørande til kronisk sjuke kan kjenne seg låst til heimen og ha vanskeleg for å vere sosial med andre utanfor (Halvorsen, 2005, s. 116-117). I følgje Birkeland og Flovik er ein sosialt isolert når ein er avskoren frå kontakt med omverda. Det kan vere geografisk betinga, grunna handikap som utfordrar kommunikasjonen, forflyttingsvanskar, eller lite besøk i bustaden. Sosial isolasjon kan også skuldas familiære eller sosiale forhold som tap av ektefelle, venner eller søsken. Opplevinga av å vere ufrivillig sosialt isolert og aleine opplevst for dei fleste som vanskeleg (2016, s. 69-70).

### **2.2 Kjensla av einsemd**

Halvorsen beskriv einsemd som ei universell kjensle, som til alle tider har vore tema i litteratur, poesi og musikktekstar. Kjensler kan betraktast som ei tolking av sin eigen sosiale situasjon, altså ein subjektiv komponent. Nokon kan vere heilt åleine, men ikkje kjenne seg einsame, medan andre kan leve i eit parforhold eller ofte omgåast andre menneske men likevel vere einsame. Trass i at einsemd er ei velkjend kjensle for dei fleste er han ofte forkledd i samfunnet. Det opplevast som tabubelagt å erkjenna at ein er einsam fordi ein kan tolka det som at ein ikkje har venner eller er lite likt. Det er funne samanhengar mellom

sosial mangeltilstand som motpol til tilfredsheit og lykke i livet (2005, s. 14-17). Halvorsen viser også til Aristoteles, som hevda at menneske etterstreba lykke. Halvorsen legg til at dersom dette er tilfellet kan einsemda vere eit hinder for å oppnå målet om lykke (2005, s.139),

## 2.3 Psykososiale behov

Psykososial forsking ønsker å forene to fenomen, det psykiske og det sosiale, det individuelle og samfunnsmessige, og på denne måten sjå vekk frå den dualistiske tenkinga. Dei to kan ikkje delast fordi den eine er avhengig av det andre. Ei slik tenking finn ein også att i omsorgsteori (Hollway, 2008, I Alvsvåg, 2014). Ulike faktorar som svekka syn, høyrsel eller tale kan utfordra kommunikasjonen og påverke dei psykososiale behova. Fysisk eller psykisk sjukdom eller traume kan gjere at ein mister energi eller får endra utsjånad, noko som kan medføre usikkerheit (Blix & Breivik, 2006, s. 80-81).

Sosiale behov er, i følgje Blix og Breivik (2006), behovet for å vere del av eit fellesskap, oppleva kjærleik, nærliek og sosial tilhørsle (s. 78). Blant dei psykososiale behova til menneske blir også tilhøyrigitet, fellesskap, anerkjenning og tryggleik tilfredsstilt gjennom sosial kontakt (Helgesen, 2016, s. 142). Ved manglande sosial kontakt og støtte kan evna til å meistra vanskelege livssituasjonar reduserast. Ein kan få svekka sjølvtillit, därlegare sjølvbilete, kjensle av makteslause, og til sist depresjon, angst og andre psykiske lidingar (Folkehelseinstituttet, 2015). Håkonsen (1999) og Dyregrov (1997) Meiner dette kan hengje saman med at menneske i vanskelege situasjonar treng å setje ord på kjenslene sine. Dei som har nokon å snakke med klarer difor betre større belastingar enn dei som ikkje har det (I Blix & Breivik, 2006). Identitet er viktig for kjensla av einsemd. I det sosiale miljøet deler ein kunnskapar, ferdigheiter, verdiar og haldningar. Ein kan difor seie at identiteten og sjølvkjensla blir utvikla i samspel med andre (Blix & Breivik, 2006; Helgesen, 2016).

Blix og Breivik seier at tryggleik inneber sikkerheit mot indre og ytre farar. Den indre tryggleiken heng ofte saman med ei trygg oppvekst og kan ha forankring i livssyn. Fellesskap, tilhørsle, fridom, ansvar, samt felles normar og verdiar som dei ein omgåast med er viktig for å utvikla ein indre tryggleik. Den ytre tryggleiken er i større grad knytt til livet med lev i samband med omgivnadane. Forutsigbarheit, å kjenne si rolle i situasjonar, og forventingar om at relasjonane ein har vil stille opp i vanskelege situasjonar er viktig.

Tryggleik er ei subjektiv kjensle, og det som kjennes trygt for ein person, kan kjennes som utrygt for ein annan (2006, s. 77-78). Thorsen (1988) seier at dei som har ein grunnleggjande positiv haldning til livet og kjenner seg trygge på seg sjølv, har lettare for å meistre det å vere åleine utan å kjenne seg einsam (I Blix & Breivik, 2006, s. 81). Sällström (1997) Seier at me får kraft gjennom anerkjenning, og at ein motsett mistar kraft om ein ikkje blir anerkjend (I Alvsvåg, 2014).

## 2.4 Kari Martinsen sin omsorgsteori

Kari Martinsen vart fødd i 1943, og er ein norsk sjukepleiar med spesialutdanning i psykiatrisk sjukepleie. Ho tok magistergrad i filosofi i Bergen i 1974, noko som var med å legge grunnlaget for hennar engasjement for sjukeplefagets utvikling, og forholdet mellom praktisk og teoretisk sjukepleie. I Bergen utvikla ho eit nært samarbeid med sosiologen Kari Wærness og sjukepleiaren Herdis Alvsvåg. Martinsen vart i 1986 dr.philos i historie om diakonisser. Ho har vore ansett ved ei rekke universitet og institutt både i Noreg og i Danmark, og er i dag professor emerita ved VID i Bergen og universitetet i Tromsø. Hennar forfattarkarriære har til no resultert i 11 bøker, den siste *Bevegelig Berørt*, som kom ut i 2018 (Martinsen & Wærness, i Kristoffersen, 2016; Austigard, 2010; Fonn, 2019).

Martinsen tek avstand frå «formålsrasjonaliteten» i moderne sjukepleie, som har som mål at pasienten skal vinne att tapt funksjon og sjølvstende, og seier at dette ikkje kan utgjere grunnlaget for sjukepleia (Kristoffersen, 2016, s. 54). Sentralt i hennar tenking står derimot «den omvendte omsorgens lov», der ho meiner at dei som treng mest omsorg, får minst (Førland, Alvsvåg & Tranvåg, 2018, s. 198). Vidare seier Martinsen at det å ta vare på kvarandre er ein grunnleggjande verdiforutsetnad for mennesket (Martinsen, 2005, s. 137). Ho seier at omsorgsarbeidet bygger på generalisert gjensidigkeit, at omsorgsgivaren er omsorgsfull utan å forvente å få omsorg tilbake i den gitte situasjonen (Slettebø, 2014, s. 75). Ho meiner at sjukdom skaper avhengigheit, og at den sjuke treng personleg service, og kalla omsorg. Omsorg er også viktig i situasjonar der behandling ikkje er nødvendig, eller ikkje lenger har ei hensikt. I nære familierelasjonar er som regel retten vår til omsorg ubetinga, og det både er billigare og betre å få dekka omsorgsbehova sine av nokon i nærmiljøet, som ein kan få ei viss personleg tilknyting til (Martinsen & Wærness, 1991, s. 102-103).

Om omsorgsomgrepet seier Martinsen at det inneholder tre viktige dimensjonar. Omsorg er for ho eit relasjonelt, praktisk og moralsk omgrep. Ho legg særleg vekt på moralen, og seier han kjem fram i måten ein utfører handlingar på (Martinsen, 2005, s. 135-136). Moralen og etikken er eitt, og blir levd ut i menneskelege relasjonar. Etikken vises gjennom å handle til den andre sitt beste, medan moralen er spontan og universell (Martinsen, 2003, s. 71-73). Ho nyttar omgrepa etikkens kulturelle og førkulturelle grunnlag. Det kulturelle nivået handlar om menneskeleg verksemd, det me skapar gjennom ord og handling. Medan blant dei førkulturelle fenomena finn ein tillit, barmhartigheit, kjærleik og openheit. Ho seier at menneske er avhengige av kvarandre og dei førkulturelle fenomena, og at dette kjem særleg til syne når ein blir sjuk eller ramma av kriser (Førland, Alvsvåg & Tranhåg, 2018, s. 198).

Martinsen seier i eit intervju med Marit Fonn (2019), journalist i sykepleien;

Sykepleie skal ikke være uten omsorg, men omsorg er ikke sykepleie. Omsorg kan gis av andre enn sykepleiere, om du er tannlege eller graver, og omsorg er helt grunnleggende for menneskers liv [...] Spørsmålet er hvordan omsorg kan uttrykkes i sykepleien. Jo, ved å være omtenksom og medfølende – sansende oppmerksom i utøvelsen av det faglige skjønnet.

Vidare i intervjuet trekk Martinsen fram korleis ein gjennom praktiske handlingar kan uttrykke omsorg, og baserer dette på eigen erfaring frå då ho nyleg var innlagt på eit tresengsrom på sjukehuset. Ho seier det ligg mykje i korleis pleiarane går ut og inn av rommet på. Om dei banker på døra, korleis dei dreg frå gardinene, og om ein observerer pasientane (Fonn, 2019).

### **3 METODE**

I denne delen presenterast det først kort teori om metoden litteraturstudie, som er den fastsette bachelormetoden for sjukepleieutdanning ved HVL. Deretter blir førebuing og gjennomføring av søk presentert. Til sist skal me sjå nærare på kritisk- og etisk vurdering av litteratur som nyttast i oppgåva.

#### **3.1 Litteraturstudie**

Ein litteraturstudie baserer seg på å bruke forsking som allereie finst innanfor eit bestemt tema og dei metodane som er nytta på feltet. Ein slik måte å arbeide på kan ha to formål, enten å gjere ei empirisk undersøking eller berre for å skape ei oversikt. I sjukepleia er det vanlegast at ein nyttar forsking som allereie er gjort og nytte dette som ei primærkjelde. Framgangsmåten ved ei litteraturstudie baserer seg på tre trinn. Først vel ein primærstudiar, deretter formulerer ei tydeleg problemstilling og definerer søkestrategiar, så analyserer ein resultata og kvalitetsvurderer forskinga ved hjelp av analyseskjema (Christoffersen, Johannessen, Tufte & Utne, 2015, s. 62).

#### **3.2 Framgangsmåte**

Academic Search Elite, Cinahl og SveMed+ er databasane som kjem til å nyttast i søket for denne oppgåva. SveMed+ er ein nordisk artikkelbase. Det nordiske helsesystemet utforma på ein annan måte enn det som er vanleg i andre europeiske land, vidare kan andre kulturar ha ulike tradisjonar med tanke på familiesamsetning, bustadsituasjonar, sosiale møtestadar og liknande. Då dette kan vere faktorar som kan påverke resultata vil dette unngåast ved at dei kvalitative artiklane er nordiske. Academic Search Elite er ein tverrfagleg artikkeldatabase, og kan bidra med eit tverrfagleg perspektiv. Cinahl inneheld mykje kvalitativ forsking og pasienterfaringar, noko som er relevant for problemstillinga. Eg vil nytte søkeorda eldre, einsemd, sosial isolasjon, psykososiale behov, omsorg, og heimesjukepleie. På engelsk vil desse søkeorda vere seniors/elderly/aged/older, lonely/loneliness, social isolation, phycosocial needs, care, og home care. Søkeorda vart valt ut i frå problemstillinga, samt aktuell teori og testsøking i ulike databasar.

### **3.2.1        *Enkelt søk i SveMed+***

I første søk på SveMed+ (20.02.19) valte eg enkel søking «eldre og ensomhet», noko som gav treff på 40 artiklar. Valte avgrensingar var dokumenttypen «artikkel» (37 st.), og MeSH termen «Norway» (3st.). «Eldre som bor allene og deres erfaringer med hvordan hjemmesykepleien ivaretar deres sosiale behov» vart valt ut fordi sosiale behov er halvparten av dei psykososiale behova, og kan difor gi god innsikt i korleis heimesjukepleie kan ivareta psykososiale behov.

### **3.2.2        *Kombinert søk i SveMed+***

Søk i SveMed+ 19.03.19			
Nummer	Søkeord/term	Avgrensing (limit)	Resultat (antall)
1	Psykososiale behov		3
2	eldre		17616
3	sosial isolasjon		365
4	#2 and #3		138
5	4	Social isolation	95
6	5	Norway	24

**Tabell 1 SveMed+ kombinert søk**

I dette søket var det forsøkt å inkludere søkeordet psykososiale behov, noko som ikkje gav relevante resultat. Difor vart heller søkeorda eldre og sosial isolasjon kombinert. Deretter kom MeSH termen social isolation opp, det er uvisst kvifor, men dette begrensa søket ytterlegare. Så vart MeSH termen Norway valt. Ein av artiklane heitte «Hjemme best? En tematisk analyse av eldres fortellinger om omsorg og trygghet i eget hjem». Tryggheit er eitt av dei psykososiale behova, og pasientanes oppleveling av omsorg i heimen er veldig sentralt. Ein anna artikkel heitte «Betydningen av sosiale nettverk og kvalitet på pleien for opplevelse av ensomhet blant brukere av hjemmesykepleie». Denne artikkelen verka relevant ut grunna fokuset på sosiale nettverk, og korleis pleia speler inn i denne samanhengen. Eg valte difor å sjå nærmare på desse to.

### 3.2.3 Kombinert søk i Academic Search Elite

Søk i Academic Search Elite 02.04.19			
Nummer	Søkeord/term	Avgrensing (limit)	Resultat (antall)
1	Lonliness or isolation or social isolation		147,090
2	Older adults or elderly or seniors or geriatrics		467,960
3	Home care services or home health care or home healthcare or home nursing		29,722
4	Psicosocial needs		2,303
5	S1 AND S2 AND S3 and S4		0
6	Social needs		16,026
7	S1 AND S2 AND S3 and S6		7

**Tabell 2 Academic Search Elite, kombinert søk**

Vidare ønska eg å få eit breiare fokus for oppgåva gjennom å finne utanlandske studiar om temaet, noko som viste seg å vere vanskeleg. I tidlegare søk på Academic Search Elite vart dei tidlegare utvalde søkeorda nytta, men gav ingen relevante resultat, trass i at søket var svært avgrensa. Difor vart det beslutta å inkludere ordforsлага som kom opp i tekstfeltet ved søk i databasen. I dette søket vart også psicosocial needs bytta ut med social needs i håp om at dette ville gi fleire resultat. Valet hang saman med at sosiale behov er ein del av dei psykososiale behova, også viste seg også å vere meir forska på. I dette søket fann eg «Older home nursing patients' perception of social provisions and received care». Eg valte å inkludere artikkelen, sjølv om han viste seg å vere norsk, fordi han inneholdt viktig forsking rundt sosial kontakt frå det uformelle nettverket.

### 3.2.4 Kombinert søk i Cinahl

Søk i Cinahl 02.04.19			
Nummer	Søkeord/term	Avgrensing (limit)	Resultat (antall)

1	elderly or aged or older or elder or geriatric or elderly people or old people or senior		889,315
2	social isolation or loneliness or social exclusion		15,442
3	homecare or home care or home health or homehealth or home healthcare or healthcare		598,738
4	European		47,250
5	S1 AND S2 AND S3 AND S4		22

**Tabell 3 Cinahl, kombinert søk**

I dette søket brukte eg same taktikk på Academic Search Elite. Søkeordet european vart inkludert i håp om å finne internasjonal forsking. Ikkje alle resultata var relevant forsking, og ein del vart difor ekskludert. «The effectiveness of a coordinated preventive care approach for healthy ageing (UHCE) among older persons in five European cities: A pre-post controlled trial, valte eg for å få med meir forsking rundt temaet internasjonalt, og for å få med betydninga av tverrprofesjonelt samarbeid for å fremje helse.

### 3.3 Metodekritikk

#### 3.3.1 Vurdering av eiga oppgåve

Oppgåva har både kvalitative og kvantitative artiklar, noko som tilfører både subjektive opplevingar og objektive funn til oppgåva. Vidare er det heilt klart ei overvekt av norske studiar. Det kan late til at einsemd er eit meir utforska område i Noreg enn i andre deler av Europa, og Norske studiar var difor meir relevante. Ulempa med dette er at det er usikkert om resultata vil vere like gyldige i andre kulturar og for andre etnisitetar, med tanke på preferansar og forutsetnadar i forhold til psykososiale behov. Studiane som er valt ut har størst fokus på pasientane sine opplevingar, og mindre rundt korleis helsepersonell opplever arbeidet sitt, og deira oppleving av møtet pasientane. Kanskje ville eit større fokus på helsepersonellet sine oppgåver gitt ei breiare forståing for hindringar ein møter for å ivareta psykososiale behov. Pårørande sitt perspektiv er heller ikkje teke med i oppgåva. Dette kan medføre at ein ikkje får med seg heile samanhengen og kompleksiteten av problemet.

### **3.3.2        *Kritisk vurdering av forskningsartiklar og litteratur***

Svakheitene i artikkelen 1 er at forskarane ikkje har vurdert korleis bakgrunnsforhold kan ha påverka fortolkinga av data. Forskarane innleier heller ikkje til diskusjon mot eigne funn, eller har begrunna kvifor dette ikkje er teke med. I artikkelen 2 kjem det ikkje fram om intervjuet er teke opp på lydopptak eller om dei kunn er skrivne ned undervegs. Heller ikkje i denne studia har forskarane vurdert eiga rolle og mogleg påverknad undervegs. Det er ikkje vurdert korleis prosjektet kan ha påverka deltakarane i studia. I artikkelen 3 manglar ein definisjon av populasjonen som utvalet er henta frå. Det kan stillast spørsmål ved om utvalsmetoda er tilfredsstillande då ein nyttar sjølvutvikling, noko som medførte skeivheit i alder i utvalet. Ein har ingen informasjon om dei som ikkje ønska å delta i studia. Det er også svært låg svarprosent i forhold til populasjonen. I artikkelen 4 vart ikkje deltakarane tilfeldig randomisert fordi forskarane meinte det ikkje var gjennomførbart. Dei som var med i studia vart ikkje blinda, då det ikkje var mogleg å gjennomføre. Tiltaka som vart utført i intervensionsgruppa var også ulike ut frå kva behov ein hadde med bakgrunn i helsevurderinga som vart gjort. Til sist har ikkje forskarane gjort ei vurdering av moglege biverknadar eller kostnadene ei slik tilnærming vil kunne medføre. I studie 5 er det uklart om utvalet er representativt i forhold til populasjonen. Det er heller ikkje gjort greie for om dei som ikkje responderte skil seg frå dei som har respondert.

### **3.3.3        *Etikk i oppgåveskriving***

I oppgåva er det henvist til kjelder slik at leseren skal kunne finne tilbake til originalkjeldene og kontrollere om gitte opplysningar er korrekte. Henvisinga er også viktig for å vise respekt for andre sine verk. I artiklane som er valt ut er artikkelen 1 anbefalt av både etisk komité for medisinsk forskinsetikk og datatilsynet. Samtykke vart innhenta frå deltakarane, og det vart presisert skriftleg og munnleg at ein kunne trekke seg. Artikkelen 2 vart godkjend av norsk senter for forskningsdata, og samtykke innhenta frå deltakarane. Studia nyttar fiktive namn. Artikkelen 3 har følgt taushetsbestemmelse jf. Kap 5 i lov om helsepersonell. Studia er vurdert av norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste som ikkje konsesjonspliktig. I artikkelen 4 har etisk komité sine prosederer blitt følgt i alle byane, godkjenning er gitt av lokale etiske komitéar, og skriftleg samtykke vart innhenta frå alle deltakarane. Studie nummer 5 vart godkjend av Regional Committee for Medical Research Ethics, og det norske datatilsynet. Studia er utforma i henhold til vanlege etiske prinsipp.

## **4 RESULTAT**

I denne delen presenterast dei utvalde forskingsartiklane. Viktige tema sett ut frå problemstillinga vil komma tydelegast fram.

### **4.1 Artikkkel 1**

#### **«Eldre som bor alene og deres erfaringer med hvordan hjemmesykepleien ivaretar deres sosiale behov», Birkeland & Natvig, 2008, Norsk Tidsskrift for sykepleieforskning**

Forskarane ønska å finne ut korleis heimebaserte kommunale tenester ivaretok pasientane sine sosiale behov. Dei viser til ei studie gjort av Porter (2005) der ho trekk fram at heimesjukepleia ikkje berre må dreie seg om praktiske og konkrete oppgåver i heimen, men også korleis pasientane sjølv opplev situasjonen sin. Metoden i studia var kvalitativ, og målet var å få fram pasientane si eiga beskriving rundt korleis dei opplevde deira sosiale behov vart ivaretatt. Informantane i studia var eldre pasientar over 70 år som budde åleine.

Praktiske gjeremål var med på skape og bygge relasjonar. Omsorga var ikkje det beskrivne målet for oppdraget, men var ofte tilstades likevel. Pleiarane hadde ulik evne til å vise omsorg, knyte relasjonar og nytte tida på ein omsorgsfull måte. Dette opplevde pasientane i form av at dei fekk betre kontakt med nokon av personale. Tida pleiarane hadde til rådighet opplevdes særleg knapp på kveldane og i helgene, men det var også då pasientane tilsynelatande kunne ha størst behov for sosial kontakt. Dei som fekk tilsynsbesøk kunne lett kjenne seg avvist dersom personalet opplevde oppdraget var utført etter å ha observert pasienten sin tilstand.

Fleire av pasientane opplevde lite intrykk, men fekk noko gjennom telefon, radio eller fjernsyn. Dei hadde behov for å høre om det som skjedde utanfor heimen, og ønska at personale skulle fortelje om eige liv. Det var vanskeleg for pasientar med lite inntrykk å starte samtalar med pleiaren. Pasientane uttrykte behov for ei stabil gruppe å forhalda seg til, særleg dei som fekk sjeldan besøk eller hadde samansette fysiske eller psykososiale behov.

Fleire pasientar oppgav heimesjukepleia som deira viktigaste sosiale kontaktar. Antalet hjelparar å forhalde seg var ikkje fullt så viktig, så lenge dei var kjende og visste korleis oppgåvene skulle utførast. Dei fleste hadde därleg erfaring med vikarar, då manglande utdanning og utilstrekkeleg erfaring gjekk ut over sosial kontakt og praktisk arbeid. Halvparten av informantane deltok på dagavdeling som kan bidra til fellesskap, samvær og aktivitet.

## 4.2 Artikkel 2

### «Hjemme best? En tematisk analyse av eldres fortellinger om omsorg og trygghet i eget hjem», Munkejord, Eggebø & Schønfelder, 2018a, Tidsskrift for omsorgsforskning

Forskarane ønsker å belyse kva som bidreg til å skape trivsel og tryggleik i eigen heim, og korleis det for nokon kan vere eit godt alternativ å flytte til ein meir tilrettelagt bustad. Dei baserer studia på «hjemme best» politikken som inneber at pleie- og omsorgssektorane lenge har prioritert å nytte ressursar i heimebasert omsorg framfor i institusjonsbasert omsorg. Dette trass i at blant anna Breivik & Schmidt (2005) fann at mange eldre ønsker å flytta til meir tilpassa buformer dersom helsa skranta. Studia er kvalitativ og baserer seg på to distriktskommunar. Informantane var 11 menn og 17 kvinner, som i hovudsak var i 80- og 90-åra. Dei fleste budde åleine i sin opprinnelege heim, medan seks stykk var gift. Ein del hadde også flytta til meir tilpassa bustadar etter at dei var blitt åleine. 20 informantar mottok heimesjukepleie.

Forskarane fann at mange var knytt til heimen då dei hadde vore med å bygga det sjølv, dyrka kjøkkenhage og liknande. Huset var også deira eige, og fleire tenkte at ein ikkje hadde same fridomen om ein flytta. Dei fleste som budde åleine fekk hjelp frå både heimesjukepleie og familie. I mange tilfelle var det også pårørande som hadde søkt om kommunale tenester. Behovet dei enkelte hadde for sosial kontakt varierte betydeleg, men det kom tydeleg fram at familieomsorg var svært viktig for kjensla av tryggleik i eigen heim. Andre informantar hadde på eit visst tidspunkt hadde byrja å kjenne seg husredde, og synest det var tungvindt og vanskeleg å klare seg sjølv i eigen bustad. Her kunne den fysiske og psykisk helsa spele inn. Funn tyder på at når ein person først byrja å bli engsteleg var det vanskeleg å reversere.

Ein av dei som valte å flytte til omsorgsbustad kjende dette som ei stor letting. Han kjende seg tryggare, slappa meir av og kjende seg framleis heime blant tinga sine. Andre opplevde betre helse i form av betre sovn og fordøyning. Forskarane seier at omsorgsbustadar kan bidra med tryggleik og sosialt fellesskap, auka trivsel og betra fysisk og psykisk helse. Felles for dei som valte å flytte var at dei hadde fått lite uformell omsorg og ivaretaking av sosiale behov.

Forskarane seier at pårørande har ei sentral tryggleiksskapande rolle, og at det er viktig med systematisk samarbeid mellom frivillig sektor og kommunane. Dei understrekar også at det bør tilretteleggjast for attraktive bustadløysingar, som er lettstelte, utan strenge inntakskrav, og med god tilgang til sosiale fellesskap og meiningsfulle aktivitetar.

### **4.3 Artikkel 3**

#### **«Betydningen av sosiale nettverk og kvalitet på pleien for opplevelse av ensomhet blant brukere av hjemmesykepleie», Kirchoff, Grøndal & Andersen, 2005, Nordisk Sygepleieforskning**

Tidlegare studiar peikar mot at førekomsten av opplevd einsemrd aukar med alderen og redusert helsetilstand, difor ønskar forskarane i denne studia å auke kunnskapen rundt mekanismar som påverkar kjensla av einsemrd. Hensikta var å beskrive førekomsten av einsemrd blant brukarar av heimesjukepleie, og undersøke i kva grad sosiale nettverk og kvaliteten på pleia biddreg til å påverke brukaranes oppleveling av einsemrd. Tverrsnittstudia hadde 118 informantar, med gjennomsnittsalder på 81 år. Alle hadde vedtak om nødvendig helsehjelp.

19,5 % av informantane svarte at dei ofte eller alltid kjente seg einsame. Ein fann signifikante samanhengar mellom einsemrd, bustatus og opplevd helsetilstand. Dei som budde åleine opplevde større grad av einsemrd. Blant dei som oppgav därleg fysisk eller psykisk helsetilstand, fann ein også større andel einsame enn blant dei som ikkje opplevde därleg helse. Dei fleste informantane hadde familiære relasjonar til barn og barnebarn, samt ikkje-familiære relasjonar til venner, naboor og bekjendte. Ein mindre del av informantane hadde kontakt med organisert verksemd. Ein fann ingen samanheng mellom einsemrd og familiære/ikkje-familiære relasjonar, deltaking i organisert verksemd, eller antal personar i nettverket. Derimot var kvaliteten på relasjonar til venner og bekjendte av stor betydning. Å ha ein fortruleg i nettverket var svært viktig. Dei som opplevde tilfredsstillande kontakt opplevde også mindre einsemrd. Dette inkluderte også indirekte kontakt via telefon. Brukarane definerte ansette i heimesjukepleia som fortrulege.

Funna viste ingen samanheng mellom omfang, varigheit eller hyppigkeit av tenestetilbodet og einsemrd. Funna indikerer at brukarane ønska meir personsentrert tilnærming. Den sosiokulturelle atmosfæren, som vil sei om persononalet vektla brukarane sine behov og ønsker framfor fastlagte rutinar, hadde svært stor betydning. Det hadde også personalet sin kompetanse og profesjonalitet. Ein fann likevel at kvaliteten på brukaren sitt sosiale nettverk hadde større betydning enn kvaliteten på tenestetilbodet for opplevd einsemrd. Til sist i studia legg forskarane til at sjukepleiaren kan bidra til å redusere opplevinga av einsemrd ved å redusere emosjonell isolasjon og sosial isolasjon, gjennom å leggje til rette for og vegleie brukaren til å auke kontakt med andre eller endre kontaktmönster.

#### **4.4 Artikkel 4**

**«The effectiveness of a coordinated preventive care approach for healthy ageing (UHCE) among older persons in five European cities: A pre-post controlled trial», Franse et. Al.. 2018, International Journal of Nursing Studies»**

Forskarane i studia seier at den eldre befolkninga er i vekst, og at sosiale- og helserelaterte problem dermed vil auke. Ei koordinert tilnærming kan betre helse og livskvalitet, men foreløpige forskingsresultat på området er tvitydige. Studia vart gjennomført i primæromsorga i fem europeiske byar, Manchester, Pallini, Rijeka, Rotterdam og Valencia. Deltakarane i den kvantitative studia vart fordelt i to grupper, ei intervensjonsgruppe og ei kontrollgruppe. Ønska populasjon var eldre over 75 som levde uavhengig. Målet var å fremje sunn aldring ved å redusere fallrisiko, upassande medisinbruk, einsemd og skrøpelighet. Ved oppstart var gjennomsnittsalderen for deltakarane 79,5 år, og 38,1% levde åleine.

UHCE-tilnærminga (Urban Health Centres Europe) vart utvikla gjennom systematisk gjennomgang av litteratur for å identifisera forskingsbaserte tiltak med effekt og validerte metodar for å måle dei fire parameterane. Malen for UHCE-tilnærminga bestod av tre trinn. Først kartla ein den eldre sin helserisiko innanfor dei gitte kategoriane ved hjelp av spørjeskjema og fysiske målingar. Ein tok ein utgangspunkt i desse resultata og diskuterte seg fram til ein spesialtilpassa omsorgsplan der tanken også var å fremje den eldre si involvering i pleieplanen. Det tredje trinnet gjekk ut på å utføre trinn to i praksis. Spesifikke intervensjonstiltak vart anbefalt innanfor dei ulike kategoriane.

Målingane ved oppstart vart oppfølgd etter 12 månadar. Ein fann ein liten positiv effekt i å takle tilbakevendande fall, redusere skrøpelighet, auke i fysisk helse relatert til livskvalitet, samt auke i mentalt velvære, når ein samanlikna intervensjonsgruppa med dei som fekk vanleg pleie. Målt differanse var endå større i subgruppa innanfor intervensjonsgruppa som hadde fått pleieplanen knytt opp mot fallforebygging, skrøpelighet og einsemd. Dei som deltok i fallforebygging og skrøpelighet fekk for det meste fysiske treningsprogram, medan dei som deltok i einsemdfsforebygging deltok i sosiale aktivitetar eller støtte i from av ulike grupper.

Konklusjonen i studia er at koordinert førebyggjande helse- og sosial tilnærming kan fremje sunn aldring for eldre personar, men at meir forsking på området er nødvendig.

## **4.5 Artikkel 5**

### **«Older home nursing patients' perception of social provisions and received care», Dale, Sævareid, Kirkevold & Söderhamn, 2010, Scandinavian Journal of Nursing Science**

Forskarane i studia ønska å beskrive eldre pasientar si oppleving av tilgang på sosial kontakt, samt å utforske forholdet mellom sosial kontakt, fysisk funksjon, mental status, sosiale nettverk og omfanget av formell og uformell familieomsorg. Prevalensstudia vart gjennomført i 5 små og 2 større kommunar i Sør-Noreg. Utgangspunktet er 4 av dei 6 kategoriane i Robert S. Weiss (1973, 1974) si identifisering av element som inngår i sosiale relasjoner. «Reassurance of worth» der ein får anerkjenning som gir sjølvrespekt, «Attachment» ei nær tilknytning som gir kjenslemessig sikkerheit, «Opportunity for nurturance» behovet for å gi omsorg og tanken om at ein har ansvar for andre, «Social integration» behovet for sosialt tilhøyre i ei gruppe. I tillegg til desse kategoriane målte ein ADL funksjon, emosjonell tilstand, omfang av formell og uformell omsorg, og uformelt sosialt nettverk.

Dei som scora godt på heile undersøkinga hadde mindre hjelp frå heimesjukepleia, og scora også høgare på ADL funksjonar. Dei som var avhengige av hjelp til ADL funksjonar hadde mindre tilgang på sosial kontakt. Opplevinga av einsemd var eit problem hjå dei som ofte mottok heimesjukepleie. Det kunne sjå ut som at dei som ønska heimesjukepleie brukte dette som ein strategi for å få sosial kontakt. Omfang av heimesjukepleie og hjelp frå familie påverka den opplevde sosiale kontakten, men det gjorde ikkje mengda heimehjelp. Høg score på «Reassurance of Worth», «Opportunity for nurturance» og «social integration» gav lågare grad av einsemd og mindre omfang av heimesjukepleie. Låg score på «Reassurance of worth» vart knytt til nervøsitet, engsting og meir depressivt humør, men regelmessig telefonkontakt gav høgare score i kategorien. Høg score på «social integration» gav også høgare ADL score, medan låg score også her var forbunde med meir depressivt humør. Resultatet i studia var høgt nivå av opplevd sosial kontakt var høgt, noko som var uventa med tanke på oppfatninga om at eldre har små sosiale nettverk og ofte lid av einsemd eller depresjon. Forskarane seier at funna kan henge saman med at eldre har tilpassa forventningane sine til situasjonen, at dei har blanda den faktiske situasjonen med slik dei skulle ønske situasjonen var, at dei har eit ønske om å ikkje klage på den hjelpa dei får, eller at å vedgå at ein er einsam er knytt til stigmatisering. Einsemd er også ei subjektiv oppleving og den som er sosialt isolert er ikkje nødvendigvis einsam.

## 5 DRØFTING

I denne delen vil hovudfunna frå resultatdelen bli drøfta opp mot teori og Kari Martinsen sin omsorgsteori. Hensikt er å svare problemstillinga i oppgåva. Til sist vil det vere ei oppsummering av drøftinga som legg grunnlag for vidare tenking.

### 5.1 Kven er dei einsame eldre?

I «Leve hele livet» (2018) kjem det fram at det er på tide med eit meir aldersvennleg samfunn der eldre blir inkludert i fellesskapet, og at dette kan bidra til god helse og meistring av eige liv. Dei viser altså til ein samanheng mellom det å vere inkludert i eit fellesskap, og det å ha god helse. I SSB (2009) kom det fram at opplevinga av einsemd kunne hengje saman med opplevinga av dårlig helse. Denne samanhengen kom også fram i studia til Kirchoff et. al. (2005), der dei med dårlig fysisk eller psykisk helse oftare gav uttrykk for at dei var einsame. I studia til Dale et. al. (2010) fann ein at dei som scora høgt på ADL også hadde større tilgang til sosial kontakt. Denne samanhengen mellom helse og einsemd kan komme av at den sosiale kontakten fysisk er utfordra, men det kan også tenkast at personar med dårlig helse manglar motivasjon til å oppretthalde den sosiale kontakten.

Halvorsen (2005) seier at einsemd ofte blir forbunde med alderdom, og at fleire eldre er sosialt isolerte. Det er lett å tenke seg at eldre oftare er sosialt isolerte enn andre grunna dårlig helse og fråfall i det sosiale nettverket. Det kan i mange tilfelle vere opplagt å setje likeinsteikn mellom det å vere sosialt isolert og det å vere einsam. Men i studia til Dale et. al. kjem det fram at dei som er sosialt isolerte ikkje nødvendigvis kjenner seg meir einsame, og at eldre i Noreg opplever at dei har høg grad av sosial kontakt med andre. Vidare seier forskarane at ein kanskje berre har gått ut frå at eldre er einsame (2010). Kanskje er det ikkje slik at eldre er meir einsame enn andre, sjølv om dei heilt klart har større forutsetningar for å bli det, då fleire eldre er sosialt isolerte om ein samanliknar med andre aldersgrupper. Den sosiale isolasjonen er truleg berre ein av mange faktorar som spelar inn på om dei eldre kjenner på den subjektive kjensla einsemd eller ikkje.

I Yrkesetiske retningslinjer (2011) 6.2 står det at sjukepleiaren aktivt skal arbeide for å imøtekommе sårbare grupper sitt behov for helse- og omsorgstenester. Martinsen seier at dei som oftast treng mest hjelp får minst, og beteiknar dette som «den omvendte omsorgens lov» (Førland, Alvsvåg & Tranvåg, 2018). I studia til Munkejord et. al. (2018a) kom det fram at det

oftast var pårørande til pasienten som hadde søkt om heimesjukepleie. Dale et. al. (2010) fann at opplevinga av einsemld var større blandt gruppa som ofte mottok heimesjukepleie, og dei la til at det å søke om heimesjukepleie kunne vere ein taktikk for å få meir sosial kontakt. Ein kan difor spørje seg kva som skjer dersom pasienten ikkje har nære pårørande. Ut frå eiga erfaring med denne pasientgruppa blir det i mange tilfelle sett spørsmålsteikn ved korleis pasienten har klart seg i heimen utan meir omfattande hjelp, når behovet for assistanse under for eksempel sjukehusinnlegging er så stort. Dei mest sårbare gruppene kan difor late til å vere dei som ikkje har ressurssterke eller nære pårørande. Dei får kanskje ikkje ivareteke sine psykososiale behov eller andre omsorgsbehov gjennom verken formelle eller uformelle omsorgsytalar.

## 5.2 Dei eldre sine psykososiale behov

Helse- og omsorgstjenesteloven (2011) seier at helsepersonell pliktar å fremje sosial tryggleik og førebyggje sosiale problem (§1-1, ledd 2). Folkehelseinstituttet (2015) hevdar at manglande sosial støtte kan gå ut over evne til å meistre livssituasjonar, sjølvtillit og sjølvbilete, og kan medføre depresjon, angst og psykisk liding. Ramvi seier at det psykososiale består av det sosiale ytre og det psykiske indre (2014). Evne til å meistre livssituasjonar, ha sjølvtillit og ha godt sjølvbilete kan på mange måtar sjåast på som det psykiske indre, fordi det ikkje er synleg for dei rundt ein. Det kan difor sjå ut som at folkehelseinstituttet meiner at den psykiske delen av dei psykososiale behova må bli ivaretatt gjennom sosial støtte. Med andre ord er det psykiske ein konsekvens av det sosiale, eller det indre er ein konsekvens av det ytre.

Helgesen (2016) seier at identiteten vår blir utvikla gjennom sosial kontakt. Identiteten vår er vår indre oppfatning av oss sjølv, og kan dermed betraktast som noko psykisk. Solvoll (2016, s. 107) seier at identiteten vår handlar om å oppleve seg som den same, trass i ulike livsfasar, men også om å vera unik. Ettersom sosial kontakt er viktig for å utvikle identiteten (Blix & Breivik, 2006; Helgesen, 2016), kan det late til at ein treng bekrefting på seg sjølv og kven ein er frå eit anna perspektiv enn sitt eige for å få ivaretatt sine psykososiale behov. Bekrefting og anerkjenning kom også fram i studia til Dale et. al. (2010) som viktig for at ein ikkje skulle kjenna seg einsam, nervös, engstleg eller depressiv. Som sjukepleiar kan det vera utfordrande å anerkjenne pasienten sitt tidlegare liv, då ein som oftast berre har kjennskap til pasienten her og no. Det er kanskje også difor den uformelle kontakten er så viktig for mange, fordi det uformelle nettverket

oftast har kjend pasienten over lengre tid og kan bekrefte ovanfor pasienten om han eller ho framleis lever etter same verdiar som tidlegare.

I studia til Birkeland og Natvig (2008) gav fleire av pasientane av dei opplevde lite inntrykk, og at det dei fekk var gjennom telefon, radio eller fjernsyn. Difor sette dei pris på uformell kommunikasjon som handla om livet utanfor. I studia til Kirchoff et. al. (2005), og Dale et. al. (2010) fann ein at sosial kontakt kunne bli tilfredsstilt gjennom telefonkontakt, og at telefonkontakten også kunne bidra til at pasienten kjende seg anerkjend. Som sjukepleiar finst det mange måtar å tilretteleggje for sosial kontakt på, slik som å gi informasjon om frivillige organisasjoner, dagtilbod, aktivitetstilbod og liknande. Å inkludere pårørande i pleieplanar og engasjera dei slik at dei ilag med pasienten kan ha eit felles mål, kan i første rekke hjelpe pasienten til å nå målet sitt, men kan også verre med på å styrke relasjonen mellom pasient og pårørande gjennom praktiske gjeremål.

I artikkelen til Munkejord et. al. (2018a) kom det kom fram at det lenge har vore prioritert å nytte ressursar i heimebasert omsorg framfor institusjonsbasert omsorg, trass i at studia fann at synest det var tungvindt, einsamt og utrygt å bu i eigen bustad. Dei fann også at opplevelinga av tryggleik i heimen ofte hang saman med den uformelle omsorga frå pårørande. Liknande funn vart gjort i studia til Dale et. al. (2010), der ein fann haldepunkt for å hevde at pårørande er betre på å gi pasienten tryggleikskjensle enn det heimesjukepleia er. Blix og Breivik (2006) seier også at kontinuitet i sjukepleiar-pasientforholdet er viktig for kjensla av tryggleik. Altså kan det late til at for å trygge pasienten i eigen heim må sjukepleiaren enten hjelpe pasienten med å oppretthalde det sosiale nettverket sitt, eller sørge for at det er kontinuitet i pleieforholdet. Vidare i studia til Munkejord et. al. (2018a) fann ein at personane som valte å flytte frå den «utrygge» bustaden til meir tilrettelagte bustadar fekk tilbake tryggleiken. Dette viser at ein ved å prioritere at eldre skal bu heime kan ein påføre pasientane ekstra belastingar som kanskje kunne vore unngått dersom ein lytta til pasienten og hans preferansar.

Halvorsen (2005) seier at det for mange er tabubelagt å erkjenna at ein er einsam fordi det kan bli tolka som om at ein ikkje blir likt. Dale et. al. (2010) trekk også fram tabuet rundt einsemd som mogleg årsak til at resultatet av opplevd sosial kontakt var såpass høgt i studia. Sjølv om den sosiale isolasjonen og det sosiale nettverket til ein pasient på mange måtar er noko ein kan observera eller tenkja seg fram til betydde ikkje nødvendigvis den sosiale isolasjonen at pasienten var einsam. Ettersom den subjektive kjensla av einsemd kan betraktast som ein del av det

psykiske indre, må ein nytte seg av det viktige verktøyet kommunikasjon for å finne ut kva den andre føler. Likevel kan nok mange kvi seg for å snakke om einsemd, og det kan difor på mange måtar vere lettare å gå ut frå at ein person er einsam heller enn å ta det opp som eit samtaleemne. Større openheit og aksept rundt tema som einsemd, sosial isolasjon og sosiale behov i samfunnet og i sjukepleiar-pasient forholdet kan difor gjere stor nytte på vegen til å identifisere psykososiale behov, samt lette byrdene for dei som slit med slike problem.

### 5.3 Omsorg i heimesjukepleia

I Helse- og omsorgstjenestelova (2011) står det at det er helsepersonell si oppgåve å sørge for å behandle nedsett funksjonsevne (§1-1, ledd 1). Altså har myndighetene gjennom lovverket retta fokuset i helse- og omsorgssektoren mot den fysiske helsa, med eit mål om å gjere pasienten frisk. Martinsen kallar denne tenkinga for formålsrasjonaliteten, og kritiserer han (Kristoffersen, 2016). I stadianfor meiner Martinsen at mennesket alltid er avhengig av kvarandre, uansett om det er sjukt eller friskt, men at sjukdom skapar ein ekstra avhengigheit, og ekstra behov for omsorg (Martinsen & Wærness, 1991). Pasientar som kjem i kontakt med heimesjukepleia er sjuke, enten fysisk eller psykisk, og har difor eit ekstra behov for omsorg. Ettersom Martinsen seier at menneske alltid er avhengige av kvarandre kan ein difor lure på kvifor mennesket må vere sjukt for å få moglegheita til å motta omsorg. For det er ikkje nødvendigvis slik at alle har pårørande som kan påta seg denne oppgåva. Videre seier Martinsen at omsorg ikkje er sjukepleie (Fonn, 2019). Med dette meiner ho at ein treng ikkje vere sjukepleiar for å kunne yte omsorg.

Martinsen seier at omsorga er relasjonell, praktisk og moralsk (2005). For å gi omsorg ut frå Martinsen sitt perspektiv må ein først forstå kva ho meiner med dette. I studia til Dale et. al. (2010) tok dei utgangspunkt i fire element som inngår i sosiale relasjonar, «Reassurance of worth», «attachment», «opportunity for nurturance» og «social integration» (Weiss, 1973 & 1974). Desse kan til norsk bli oversett som anerkjenning, tilknytning, nærliek og sosialt tilhørsle. Sällstrøm (1997) seier at ein får kraft gjennom anerkjenning (I Alvsvåg, 2014). Altså er anerkjenning viktig for å skape relasjonar, men også for å få kraft til mestre eigen kvardag. Kanskje baserer Martinsen den relasjonelle delen til det ho beteknar som etikkens førkulturelle grunnlag, som omfamar omgrepene tillit, barmhjertighet, kjærleik og openheit, som ho seier er tilstades gjennom ord og handling (Førland, Alvsvåg, Tranvåg, 2018). Dei fleste er nok inneforstått med at det er lettare å kjenne tillit og å gi kjærleik til nokon ein har relasjonar til. Det

er også lettare å vere open, noko som er ein viktig nøkkel for å forstå den andre sine psykososiale behov. Martinsen seier også at det beste er å få dekka sitt behov for omsorg frå nokon i nærmiljøet som ein kan danne relasjonar med (Martinsen & Wærnness, 1991). Likevel fann ein både i studia til Birkeland og Natvig (2008), samt studia til Kirchoff et. al. (2005) at pasientane betrakta pleiarane som blant deira fortrulege. I studia til Birkeland og Natvig (2008) fann ein også at praktiske gjeremål kunne bidra til å bygge relasjonar. Dei viser altså til ein samanheng mellom det praktiske og det relasjonelle, og at ein gjennom fysisk aktivitet kan komme nærare den andre.

Martinsen seier om omsorga at han blant anna er praktisk, og at målet med omsorga er at pasienten skal kjenne velvære, god helse og livsmot (2005; Kristoffersen, 2016). Helse er eit fysisk behov, medan velvære og livsmot er meir retta mot det psykiske. I studia til Franse et. al. (2018) fann ein at ei koordinert førebyggjande helse- og sosial tilnærming, med fokus på sosiale aktivitetar og fysiske treningsprogram kunne betre fysisk helse og mentalt velvære. Altså kan studia tyde på at ein kan yte omsorg gjennom fysiske treningsprogram og sosiale aktivitetar i lag med pasienten, studia kan difor bekrefte Martinsen sin tanke om at pasientar kan oppleve omsorg gjennom slike aktivitetar. I studia til Kirchoff et. al. (2005) fann ein at pleiarane sin kompetanse og profesjonalitet hadde stor betydning for opplevinga av einsemrd, noko som kan tyde på at den praktiske kompetansen også er viktig for opplevinga av omsorg.

Fermann & Næss (2015) seier at oppgåvene til heimesjukepleia er konkretisert på heimesjukepleiarane sine arbeidslister. Birkeland og Natvig (2008) seier at omsorga ikkje var det beskrivne målet med besøket, men at omsorga oftast likevel var tilstades. I studia til Kirchoff et. al. (2005) fann ein at den sosiokulturelle atmosfæra hadde stor betydning for om pasientane opplevde at dei fekk god omsorg. Pasientane ønska at pleiarane skulle ha fleksibilitet, og ikkje kunn fokusere på oppdraget som var gitt dei. Martinsen (2003) seier at moralen er spontan. Kanskje opplever pasientane det som meir omsorgsfullt dersom pleiaren intuitivt ser pasienten sitt behov i den gitte situasjonen, noko som på sjukepleiarspråket ofte blir beteikna som det kliniske blikket. Det kliniske blikket krev også at ein har evne til å setje seg inn i den andre sin situasjon, noko som krev ein viss relasjon og evne til å forstå det andre mennesket. Vidare seier Martinsen (2003) at etikken og moralen er eitt, og at etikken blir levd ut gjennom å handle til den andre sitt beste. Å handle til den andre sitt beste baserer seg på at ein har kjennskap til pasienten

og hans ønske og verdiar, og at ein har kunnskap om kva som kan betre pasienten sin fysiske eller psykiske situasjon.

## 5.4 Avslutning

Det kjem ofte fram i media at mange eldre er einsame i heimen sin, og manglar sosial kontakt. Kva som gjer at ein oftare beteiknar eldre som einsame enn andre aldersgrupper kan skuldast at ein blandar begrep. Den sosiale isolasjonen, som mange eldre opplev grunna dødsfall eller store endringar i helse eller livsstil, er ikkje synonymt med den subjektive kjensla av einsemd, trass i at fleire av studiane vider ein samanheng mellom einsemd og därleg helse (Munkejord et. al., 2018; Franse et. al., 2018). Denne samanhengen kan komme av at därleg helse utfordrar og begrensar den enkelte sin moglegheit for sosial kontakt. Einsemd kan også for mange opplevast som tabubelagt, og noko ein unngår å snakke om, og på denne måten blir det vanskelegare å både kartlegge, men også å hjelpe dei einsame. Det kan late til at psykososiale behov først og fremst må bli ivaretatt gjennom å ivareta dei sosiale behova til den enkelte, og at den psykiske delen av det psykososiale er relativ i forhold til korleis dei sosiale behova blir ivaretakne.

Martinsen seier at omsorga er relasjonell, praktisk og moralsk (2005). Med dette kan det tenkjast at ho meiner at omsorga ikkje kan planleggjast, men er noko som utfaldar seg i møte mellom to personar. Den relasjonelle delen kan bygge på at ein må ha kjennskap til den andre, og at ein må vite kva for verdiar den andre ser på som viktige for å kunne handle til hans eller hennar beste. Den moralske delen er den spontane tanken som legg grunnlaget for utføringa av den praktiske handlinga, eller omsorgsgesten. Martinsen sin måte å beskrive omsorga på blir på mange måtar bekrefta i studia til Kirchoff et. al. (2005), der ein fann at pasientane sette pris på at pleiarane sette deira behov framfor å strikt følgje oppgåva som var gitt. I fleire av studiane fann ein at den uformelle omsorga var ein viktig del av dei psykososiale behova (Kirchoff et. al., 2005; Munkejord et. al., 2018). Difor er det viktig at sjukepleiaren er med å tilretteleggje for sosial kontakt mellom pasienten, hans pårørande og vene. Det finns også mange tilbod som sjukepleiaren burde formidla vidare til alle pasientar som ønsker informasjon.

Martinsen har lenge kritisert samfunnet, både for det ho beteiknar som formålsrasjonaliteten, og «den omvendte omsorgens lov» (Kristoffersen, 2016; Førland, Alvsvåg & Tranvåg, 2018).

Gjennom heile Martinsen sin omsorgsfilosofi kjem det tydeleg fram at omsorga ikkje berre er godt for den sjuke. Likevel har eg gjennom arbeidet med denne oppgåva blitt bevisstgjort på at

myndighetene har eit mål om å behandle menneske. For å setje det heile på spissen kan det late til at dei ønsker å få fram eit observerbart resultat, noko som ser fint ut i tabellar og statistikkar. Kanskje er det også difor fokuset på einsemd og andre psykososiale behov er satt til sides, fordi resultat av psykososial «behandling» ikkje objektivt kan målast i etterkant på same måte. Uansett kva grunn som ligg bak har den fysiske helsa lenge vore prioritert framfor psykososiale behov. Heldigvis har ein no fått auga opp for denne urettferdige prioriteringa og ein har kome med forslag til tiltak gjennom blant anna «leve hele livet».

I diktet «Um å bera» av Jan-Magnus Bruheim (1947, s. 11-12), seier han at sorga er stor og gleda lita når ein ikkje kan delast med andre, og beskriv det som at mennesket visnar vekk dersom ein ikkje kan få dele kjenslene sine med andre. Det fint knapt nokon som vil sitje å sjå på ein blom i vindaugskarmen visne vekk, kvifor skal me då godta at det skjer med våre eldre?

## REFERANSELISTE

- Alvsvåg, H. (2014) Indre og ytre rom for omsorg. I H. Alvsvåg, O. Førland & F. F. Jacobsen (Red.). *Rom for omsorg?* (s. 127-145) Bergen: Fagbokforlaget
- Birkeland, A. & Flovik, A. M. (Red.). (2016) *Sykepleie i hjemmet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Birkeland, A. & Natvig, G. K. (2008) Erfaringer med hvordan hjemmesykepleien ivaretar deres sosiale behov, *Norsk Tidsskrift for Sykepleieforskning*, 10(2), 3-14. Henta frå:  
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/150728/BirkelandNatvig.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Blix, E. S. & Breivik, S. (2006) *Basisbok i sykepleie*. Bergen: Fagbokforlaget
- Bruheim, J. M. (1947) Um å bera. *På skålvekti*. (s. 11-12). Oslo: H. Aschehoug & Co
- Christoffersen, L., Johannessen, A., Tufte P. A. & Utne, I. (2015) *Forskningsmetode for sykepleierutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Dale, B., Sævareid, H. I., Kirkevold, M. & Söderhamn, O. (2010) Older home nursing patients' perception of social provisions and received care. *Scandinavian Journal of Caring Science* (24),523-532. <https://doi.org/10.1111/j.1471-6712.2009.00744.x>
- Den norske Legeforening (2001) *Legeforeningens 15-punksprogram for en bedre helsetjeneste for eldre*. Henta frå <https://legeforeningen.no/emner/andre-emner/publikasjoner/statusrapporter/statusrapport-om-situasjonen-i-helsetjenesten-nar-du-blir-gammel-og-ingen-vil-ha-deg/legeforeningens-15-punktsprogram-for-en-bedre-helsetjeneste-for-eldre1/>
- Det kongelige Helse- og Omsorgsdepartement (2018) *Leve hele livet; En kvalitetsreform for eldre* (Meld. St. 15 2017-2018) Henta frå  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/196f99e63aa14f849c4e4b9b9906a3f8/no/pdfs/stm201720180015000ddpdfs.pdf>

Fermann, T. & Næss, G. (2015) Sykepleie til eldre i hjemmesykepleien. I M. Kirkevold, K. Brodtkorb & A. H. Ranhoff (Red.) *Geriatrisk sykepleie: God omsorg til den gamle pasienten*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Folkehelseinstituttet (2015). Fakta om sosial støtte og ensomhet. Henta frå

<https://www.fhi.no/fp/psykiskhelse/psykiskelidelser/sosial-stotte-og-ensomhet---faktaar/>

Fonn, M. (2019) Kari Martinsen: - Pleien tar den tiden den tar. *sykepleien*. Henta frå

<https://sykepleien.no/2019/02/kari-martinsen-pleien-tar-den-tiden-den-tar>

Franse, C. B., von Grieken, A., Alhambra-Borrás, T., Valía-Cotanda, E., van Staveren, R., Rentoumis, T. [...] Raat, H. (2018) The effectiveness of a coordinated preventive care approach for healthy ageing (UHCE) among older persons in five European cities: A pre-post controlled trial. *International Journal of Nursing Studies*, 153-162. <https://doi.org/10.1016.j.ijnurstu.2018.09.006>

Førland, O., Alvsvåg, H. & Tranvåg, O. (2018) Perspektiver på omsorgsforskning. I *Tidsskrift for omsorgsforskning*, 4(3)196-214.

<https://doi.org/10.18261/ISSN.2387-5984-2018-03-01>

Halvorsen, K. (2005) *Ensomhet og sosial isolasjon i vår tid*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Helgesen, A. K. (2016) Sosial kontakt. I N. J. Kristoffersen, F. Nortvedt, E.-A. Skaug & G. H. Grimsbø (Red.). *Grunnleggende sykepleie, bind 3: Pasientfenomener, samfunn og mestring* (s. 141-167). Oslo: Gyldendal Akademisk

Helsebiblioteket (2016) Sjekklistar. Henta frå

<https://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/sjekklistar>

Helsedirektoratet (2015) *Samhandlingsstatistikk 2013-14* (s. 131-140) Henta frå

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/798/Samhandlingsstatistikk-2013-2014-IS-2245.pdf>

Helse- og omsorgstjenesteloven (2011) Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m. m.  
(LOV-2011-06-24-30) Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

Kirchoff, J. W., Grøndahl, V. A. & Andersen, K. L (2015) Betydningen av sosiale nettverk og kvalitet på pleien for opplevelse av ensomhet blant brukere av hjemmesykepleie. *Nordisk Sygeplejerforskning*. 5(3)266-282. Henta frå [https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/nsf/2015/03/betydningen\\_av\\_sosiale\\_nettverk\\_og\\_kvalitet\\_paa\\_pleien\\_for\\_o](https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/nsf/2015/03/betydningen_av_sosiale_nettverk_og_kvalitet_paa_pleien_for_o)

Kristoffersen, N. J. (2016) Sykepleiefagets teoretiske utvikling. I N. J. Kristoffersen, F. Nortvedt, E.-A. Skaug & G. H. Grimsbø (Red.), *Grunnleggende sykepleie, bind 3: Pasientfenomener, samfunn og mestring* (s. 15-80). Oslo: Gyldendal Akademisk

Martinsen, K. (2003) *Fra Marx til Løgstrup*. Oslo: Universitetsforlaget

Martinsen, K. (2005) *Samtalen, skjønnet og evidensen*. Oslo: Arkibe

Martinsen, K. & Wærness, K. (1991) *Pleie utan omsorg?* Norway: Pax Forlag

Munkejord, M. C., Scönfelder, W. & Eggebø, H. (2018a) Hjemme best? En tematisk analyse av eldres fortellinger om omsorg og trygghet i eget hjem. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, 4(1)16-26. <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5984-2018-01-03>

Munkejord, M. C., Scönfelder, W. & Eggebø, H. (2018b) Sosial omsorg – frå blind flekk til sentralt innsatsområde i hjemmebasert eldreomsorg? *Tidsskrift for omsorgsforskning*, 4(3)298-306. <https://doi.org/10.18261/ISSN.2387-5984-2018-03-01>

Omhelse.no. Kari Martinsen; Kari Martinsens omsorgsfilosofi. Henta frå <https://omhelse.no/psykologi-i-sykepleien/kari-martinsen/>

Press Association Images. Elderly woman standing at window looking through curtains [bilde] Henta frå <https://quest-eb-com.galanga.hvl.no/search/elderly-woman-standing-at-window-looking-through-curtains/1>

- Ramvi, E. (2014) Indre og ytre rom for omsorg. I H. Alvsvåg, O. Førland, & F. F. Jacobsen (Red.). *Rom for omsorg?* (s. 147-161) Bergen: Fagbokforlaget
- Romøren, T. I. (2015) Eldre, helse og hjelpebehov. I M. Kirkevold, K. Brodtkorb & A. H. Ranhoff (Red.). *Geriatrisk sykepleie: God omsorg til den gamle pasienten* (s. 29-38) Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Slettebø, Å. (2014) *Sykepleie og etikk.* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Sletteland, N. & Donovan R. M. (2016) *Helsefremmende lokalsamfunn.* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Solvoll, B.-A. (2016) Identitet og egenverd. I N. J. Kristoffersen, F. Nortvedt, E.-A. Skaug & G. H. Grimsbø (Red.). *Grunnleggende sykepleie, bind 3: Pasientfenomener, samfunn og mestring* (s. 105-140). Oslo: Gyldendal Akademisk
- SSB (2009) *Samfunnsspeilet* 23(1)74-78. Henta frå  
<https://www.ssb.no/a/samfunnsspeilet/utg/200901/ssp.pdf>

- Yrkesetiske retningslinjer (2011) Yrkesetiske retningslinjer for sykepleiere. Henta frå  
[https://www.nsf.no/Content/785285/NSF-263428-v1-YER-hefte\\_pdf.pdf](https://www.nsf.no/Content/785285/NSF-263428-v1-YER-hefte_pdf.pdf)

## 6 VEDLEGG

### 6.1 Vedlegg 1, Tabell 2, Samandrag av artiklar

Artikkel	Hensikt	Metode og datasamling	Utval	Resultat
<b>Eldre som bor alene og deres erfaringer med hvordan hjemmesykepleien ivaretar deres sosiale behov, Birkeland og Natvig, 2008, Norsk tidsskrift for Sykepleieforskning</b>	«Hvordan opplever pasienten at hjemmesykepleien ivaretar deres sosiale behov?» Få fram pasienten sin artikulerte beskrivelse av dette.	Kvalitative forskingsintervju, opne spørsmål, fremvoksende/emergent design, tatt opp på band og transkribert ordrett. Datainnsamling utført i pasienten sin heim med intervjuar som hadde erfaring frå heimesjukepleie.	10 kvinner, 8 menn, alder over 70 år, gjennomsnittsalder 82,5 år, 7 budde i omsorgsbustad, 13 i eigen leilegheit. I stand til å fortelje om eigne opplevelingar og erfaringar, vurdert av heimesjukepleie til å kunne vere i ein psykososial vanskeleg situasjon.	Psykososiale behov vart ivaretekne gjennom omsorga som vart gitt. Praktiske gjeremål med å skape relasjoner. Føretrekk positive og forteljande personale, erfaring og dyktighet av betydning. Heimesjukepleiarar viktige sosiale kontaktar
<b>Hjemme best? En tematisk analyse av eldres fortellinger om omsorg og trygghet i eget hjem, Munkejord et al., 2018a, Tidsskrift for Omsorgsforskning</b>	Belyse kva som bidreg til å skape trivsel og tryggleik i eigen heim, og korleis det for nokon kan vere eit godt alternativ å flytte til ein meir tilrettelagd bustad.	Kvalitativ, dybdeintervju. Nytta tema-basert kvalitativ analysestrategi. Identifiserte tema på tvers av intervju	11 menn, 17 kvinner, hovudsak 80-100 år, utkantkommunar, 20 mottok heimetester, 19 budde i eigen bustad, 9 hadde fått plass i omsorgsbustad/kommunal leilighet, 6 budde saman med ektefelle, resten vanlegvis åleine	Dei fleste som fekk kommunal hjelp, uformell omsorg og ivaretatt sosiale behov kjende seg trygge i eigen heim. For andre trygt å flytte til omsorgsbustad og fellesskapet der.

<b>Betydningen av sosiale nettverk og kvalitet på pleien for opplevelde av ensomhet bland brukere av hjemmesykepleie, Kirchoff et al., 2005, Nordisk sygeplejeforskning</b>	Hensikta med studia var å beskrive førekomensten av einsemd bland brukarar av heimesjukepleie, og undersøke i kva grad sosiale nettverk og kvaliteten på pleia biddreg til å påverke brukaranes oppleving av einsemd.	Metoden var tverrsnitstudie. Datasamlinga vart utført ved at informantane fylte ut eit spørreskjema som heimesjukepleia hadde tatt med. Spørsmåla hadde tre fokusområde; einsemd, sosiale nettverk, og kvalitet i eit brukarperspektiv.	Utvalet var 80 kvinner, 37 menn, totalt 118 deltarar. Alder var mellom 29 og 98 år, med gjennomsnittsalder på 81 år. 75 budde åleine. Dei var alle brukarar av heimesjukepleie i ein bykommune.	Opplevinga av einsemd avheng av helsetilstand, kvalitet på nettverk og kvalitet på tenesta i heimesjukepleia. Sosiokulturell atmosfære har størst betydning.
<b>The effectiveness of a coordinated preventive care approach for healthy ageing (UCHE) among older persons in five European cities: A pre-post controlled trial, Franse et. al., 2018, International Journal of Nursing</b>	Hensikta var å teste hypotesen om at ei koordinert tilnærming med fokus på helse- og sosialrelaterte kan vere med å betre helse og livskvalitet hjå eldre	Metoda i studia var kvantitativ pre-post controlled trial. Datasamlinga vart gjort ved oppstart og etter 12 mnd, ved spørreskjema og to fysiske målinger. Spørreskjema inneholdt ulike måleverktøy retta mot fokusområda.	1215 personar deltok i intervensionsgruppa, og 1110 i kontrollgruppa ved baseline. Gjennomsnittsalder var 79,5 år, 60,8% var kvinner, 38,1% levde åleine, 51,1% hadde lågare utdanning. Deltakarane budde i Manchester, Pallini, Rijeka, Rotterdam eller Valencia.	Studia fann ein liten positiv effekt ved hjelp av koordinert tilnærming gjort i kategoriane effekt i å takle tilbakevendande fall, redusere skrøpelighet, auke fysisk helse relatert til livskvalitet, samt auke mentalt velvære.
<b>Older home nursing patients' of social provisions and received care, Dale et. Al., 2010, Scandinavian Journal of Nursing Science</b>	Beskrive opplevinga av tilgang på sosial kontakt blant ei gruppe eldre pasientar som får heimesjukepleie og utforske forholdet mellom opplevd mengde sosial kontakt, fysisk funksjon, mental status, sosiale nettverk og omfanget av formell og uformell familieomsorg.	Metoda i studia var kvantitativ tverrsnitt-/prevalensstudie. Datasamlinga vart gjennomført ved hjelp av intervju der intervjuar leste opp spørsmål frå spørreskjema og kryssa av.	Utvalet i studia var 242 personar frå 7 ulike byar i Sør-Noreg. Alle hadde heimesjukepleie. 70,7% kvinner, gjennomsnittsalder 84,6 år, 68,2% var enker/enkemenn, ca. ¾ budde åleine, 81,1% hadde barn.	Hovudkonklusjonen er at deltakarane i studia opplevde stor grad av sosial kontakt og fellesskap, funn tyder på at dette heng saman med kontaktfrekvensen med sosiale nettverk og mengden formell og uformell omsorg.

## 6.2 Vedlegg 2, Sjekkliste artikkell 1

# Sjekkliste for vurdering av en kvalitativ studie

## Hvordan bruke sjekklisten

Sjekklisten består av tre deler:

- Innledende vurdering
- Hva forteller resultatene?
- Kan resultatene være til hjelp i praksis?

I hver del finner du spørsmål og tips som hjelper deg å svare. For hvert av underspørsmålene skal du krysse av for «ja», «uklart» eller «nei». Valget «uklart» kan også omfatte «delvis».

## Om sjekklisten

Sjekklisten er laget som et pedagogisk verktøy for å lære kritisk vurdering av vitenskapelige artikler. Hvis du skal skrive en systematisk oversikt eller kritisk vurdere artikler som del av et forskningsprosjekt, anbefaler vi andre typer sjekklinger.  
Se [www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/sjekklinger](http://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/sjekklinger)

Har du spørsmål om, eller forslag til forbedring av sjekklisten?  
Send e-post til [Redaksjonen@kunnskapsbasertpraksis.no](mailto:Redaksjonen@kunnskapsbasertpraksis.no).

Denne sjekklisten er inspirert av «10 questions to help you make sense of qualitative research» fra CASP, Critical Appraisal Skills Programme (CASP). CASP Checklists. Oxford: CASP UK [oppdatert 2017; lest 23.11.2017]. Tilgjengelig fra: <http://www.casp-uk.net/checklists>

## (A) Innledende vurdering

### 1. Er formålet med studien klart formulert?

Tips:

- Hva ville forskerne finne svar på (problemstilling)?
- Hvorfor ville de finne svar på det?
- Er problemstillingen relevant?

JA

UKLART

NEI

"Hvordan opplever pasienter som bor alene i egen bolig at hjemmesykepleien ivaretar deres sosiale behov? ut frå pasienten sin egen beskriving

Det ønska å finne svar på dette fordi det er gjort ei rekke studiar av kva som er god omsorg og korleis eldre opplev sin sosiale situasjon, men lite studiar om korleis eldre opplev at heimesjukepleia ivaretok deira sosiale behov

Problemstillinga er relevant for studia.

### 2. Er kvalitativ metode hensiktsmessig for å få svar på problemstillingen?

Tips: Har studien som mål å forstå og belyse, eller beskrive fenomen, erfaringer eller opplevelser?

JA

UKLART

NEI

Målet med studia var å belyse pasientane sine opplevelser rundt korleis dei meinte at sjukepleia ivaretok deira sosiale behov, på den måten at pasientane skulle uttrykke dette med eigne ord.

## Skal du fortsette vurderingen?

Tips:

Hvis du svarte NEI på et av spørsmålene over kan du kanskje like godt legge bort artikkelen og finne en annen.

### 3. Er utformingen av studien hensiktsmessig for å finne svar på problemstillingen?

Tips:

- Er utvalgsmetode, måte å samle inn data på og måte å analysere data på beskrevet?

JA

UKLART

NEI

Utvalgsmetoden vart utført ved at heimesjukepleia valte ut aktuelle informantar, og brakte med informasjon om prosjektet, munnleg og skriftleg til desse. Dei som ønska å delta skriv under på eit samtykkeskjema, samt namn og telefonnummer, som vart formidla vidare til førsteforfattar gjennom ledar for heimesjukepleiedistriket. Datainnsamlinga vart gjort ved hjelp av intervju som vart teke opp på band og transkribert ordrett, og deretter transkribert i tre fasar. I analysen nyttar dei hermenuetisk tilnærming, men førforståing - tolking - forståing som ein sirkulær prosess. Ved å lese gjennom intervjua trakk forskarane ut hovudtema, undertema og grunntema, før dei tolka og drøfta tema i forhold til teori og tidlegare relevant forsking ut frå forskingssprøsmalet.

### 4. Er utvalsstrategien hensiktsmessig for å besvare problemstillingen?

Tips: Når man bruker f.eks. strategiske utvalg er målet å dekke antatt relevante sosiale roller og perspektiver. De enhetene som skal kaste lys over disse perspektivene er vanligvis mennesker, men kan også være begivenheter, sosiale situasjoner eller dokumenter. Enhetene kan bli valgt fordi de er typiske eller atypiske, fordi de har bestemte forbindelser med hverandre, eller i noen tilfeller rett og slett fordi de er tilgjengelige.

- Er det gjort rede for hvem som ble valgt ut og hvorfor?
- Er det gjort rede for hvordan de ble valgt ut (utvalsstrategi)?
- Er det diskusjon omkring utvalget, f.eks. hvorfor noen valgte å ikke delta?
- Er det begrunnet hvorfor akkurat disse deltagerne ble valgt?
- Er karakteristika ved utvalget beskrevet (f.eks. kjønn, alder, sosioøkonomisk status)

JA

UKLART

NEI

Deltakarane vart valt ut fordi dei hadde passert 70 år, budde heime, hadde hatt hjelpe av heimesjukepleia meir enn 2 månadar, dei kunne gjennomføre ein normal samtale, og dei blei vurdert til å befinner seg i en psykososial vanskeleg situasjon. I innleiinga kjem det fram at det er ein samanheng mellom alder og einsemd.

Det var heimesjukepleia som kontakta moglege informantar, og gav dei informasjon om studia.

Det er stilt spørsmål ved om informantar som ikkje valte å delta, kunne bidratt med viktige data. Men forskarane har ikkje vore i kontakt med desse.

Det er ikkje begrunna kvifor akkurat desse deltagarane vart valt ut.

Utvalget var 10 kvinner og 8 menn, med gjennomsnittsalder på 82,5 år. 7 av desse budde i omsorgsbustad, medan 13 budde i eigen leilighet. 10 gjekk på dagavdeling tilknytt sjukeheim. Informantane høyrde til 3 distrikt fordelt på 2 kommunar.

## 5. Ble dataene samlet inn på en slik måte at problemstillingen ble besvart?

Tips: Datainnsamlingen må være omfattende nok i både bredden (typen observasjoner) og i dybden (graden av observasjoner) om den skal kunne støtte og generere fortolkninger.

- Ble valg av setting for datainnsamlingen begrunnet?
- Går det klart frem hvilke metoder som ble valgt for å samle inn data? F.eks. intervjuer (semistrukturerte dybdeintervjuer, fokusgrupper), feltstudier (deltagende eller ikke-deltagende observasjon), dokumentanalyse.
- Er måten dataene ble samlet inn på beskrevet (f.eks. beskrivelse av intervjuguide)?
- Er metoden endret i løpet av studien? I så fall, har forfatterne forklart hvordan og hvorfor?
- Går det klart frem hvilken form dataene har (f.eks. lydopptak, video, notater)?
- Har forskerne diskutert metning av data?

JA

UKLART

NEI

Intervjuet vart utført i pasienten sin eigen heim, og vart begrunna med at det var rolege og uforstyrra omgivnadar.

Det kjem klart fram at metoden som er nytta til å samle data er intervju med fremvoksande/emergent design, der fokuset ligg på kva som åpenbarer seg og veks frem undervegs i møte med informantane.

Det vart laga ein enkel temaguide rundt kva tankar pasientane hadde til forholdet/relasjonen til personalet, korleis kommunikasjonen føregjekk, og kva han bestod av, kva pasientane meinte om kordan personalet ivaretok den sosiale kontakten, og om det var noko dei sakna av hjelp som kunne betra deira sosiale situasjon.

Metoden vart ikkje endra i løpet av studia

Det kjem fram at intervjuet vart teke opp på band, og seinare transkribert ordrett

Forskerane seier at datamaterialet var omfangsrikt og representerte både by bykommune og to distrikter i ein meir spredt bebygd kommune. Noko dei meinte gav større mangfold i datamaterialet.

## 6. Ble det gjort rede for bakgrunnsforhold som kan ha påvirket fortolkningen av data?

Tips:

- Har forskeren vurdert sin egen rolle, mulig forutinntatthet og påvirkning på:
  - a. utforming av problemstilling
  - b. datainnsamling inkludert utvalgsstrategi og valg av setting
  - c. analyse og hvilke funn som presenteres
- På hvilken måte har forskeren gjort endringer i utforming av studien på bakgrunn av innspill og funn underveis i forskningsprosessen?

JA

UKLART

NEI

Forskerane har ikkje vurdert si eiga rolle og mogleg påverknad eller gjort endringar i utforming undervegs.

## 7. Er etiske forhold vurdert?

Tips:

- Er det beskrevet i detalj hvordan forskningen ble forklart til deltakerne for å vurdere om etiske standarder ble opprettholdt?
- Diskuterer forskerne etiske problemstillinger som ble avdekket underveis i studien? Dette kan feks. være knyttet til informert samtykke eller fortrolighet, eller håndtering av hvordan deltakerne ble påvirket av det å være med i studien.
- Dersom relevant, ble studien forelagt etisk komité?

JA

UKLART

NEI

Det er ikke forklart i detalj korleis forskinga vart forklart til deltakarane. Heimesjukepleiarar, som hadde fått skriftleg og munnleg informasjon om studia brakte denne informasjonen vidare til potensielle informantar. Dei som ønska å delta skreiv under på eit samtykkeskjema. Forskarane presiserte også ovanfor dei moglege informantane, både skriftleg og munnleg, at dei kunne trekke seg frå prosjektet.

Forskarane veit at intervjuet går inn på vanskelege tema som kan frembringe kjensler, særleg ettersom dei har valt ut menneske som allereie er i ein pressa situasjon. Dei har difor vore merksame på at spørsmålstillinga ikkje må vere for pågående.

Forskingsetikk, samt datatilsynet, gav si anbefaling til prosjektet.

## 8. Går det klart frem hvordan analysen ble gjennomført? Er for tolkningen av data forståelig, tydelig og rimelig?

Tips: En vanlig tilnærningsmåte ved analyse av kvalitative data er såkalt innholdsanalyse, hvor mønstre i data blir identifisert og kategorisert.

- Er det gjort rede for hvilken type analyse som er brukt (f.eks. grounded theory, fenomenologisk analyse etc.)?
- Er det gjort rede for hvordan analysen ble gjennomført (f.eks. de ulike trinnene i analysen)?
- Ser du en klar sammenheng mellom innsamlede data (f.eks. sitater) og kategoriene som forskerne har kommet frem til?
- Er tilstrekkelige data presentert for å underbygge funnene?
- I hvilken grad er motstridende data tatt med i analysen?

JA

UKLART

NEI

Studia nyttar ein hermeneutisk tilnærming i analysen.

